



Raymond Skare

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3096 - 17/32734

Saksbehandlar:

Ole Jakob Aarland

ole.jakob.aarland@lindas.kommune.no

Dato:

17.11.2017

Svar på søknad om støtte til utbygging av fiberbreiband

Vi takker for mottatt søknad, men må dessverre avslå. Det er alt gitt tilskott til breibandsutbygging i området, og at ytterlegare tilskott – sjølv om dei går direkte til innbyggjarar og næringsverksemder og ikkje via breibandsleverandørane - blir vurdert som ei omgåing av regelverket for offentlege innkjøp.

Det er etter pågåande utbygging oppunder 30 % husstandar i kommunen utan breibandstilbod på 30 Mb/s eller meir. Nokre stader er det ikkje tilbod om nokon form for nett-tilgang. Det er forståeleg at alle ynskjer eit best mogleg tilbod, men kommunen må – i tillegg til å følgje eksisterande regelverk – ta naudsynt omsyn til heilskapen.

Kommunen har eit klart krav på seg til teknologinøytral utbygging, altså at vi i våre anbod ikkje kan krevje fiberutbygging og dermed ekskludere tilbod om alternativ teknologi. Det er leverandørane som ut frå sine marknadsmessige og bedriftsøkonomiske vurderingar, avgjer kva for område og teknologiske løysingar dei skal tilby. Har leverandøren teikna avtale med kommunen, må dei fullføre denne. Kva dei eventuelt gjer utover dette er opp til leverandøren.

Med helsing

Ole Jakob Aarland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Raymond Skare

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



